

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.03.2021

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Desse momenta kom fram i ein felles diskusjon:

- Deloitte rådde til å tenke på
 - Kven det som er tilskotsmottakar
 - Private før offentlege mottakarar
 - Ordningar der staten står bak midlane bør ikkje vera med
 - Plukke nokre som er enkeltvedtak og nokre som ikkje er enkeltvedtak

- Kontrollutvalet kom elles med slike innspel
 - Næringshager - første i innovasjon og næringsutvikling
 - Verksemdar som driv kommersiell verksemd
 - Dei som har fått tilskot frå fleire
 - Partnerskapsmidlar
 - Plukke nokre frå kvar av avdelingane
 - Driftstilskot til kunst, kultur og idrett
 - Kulturminne på verdsarvlista

Etter felles diskusjon vart kontrollutvalet samde om følgjande:

Kontrollutvalet ber om at Deloitte, på bakgrunn av det som kom fram i diskusjonen, kjem med forslag til dei tilskotsordningane dei meiner bør gå inn som grunnlag i denne forvaltningsrevisjonen. Forslaget vert å sende sekretariatet seinast innan 12.04.2021. Sekretariatet sender forslaget vidare til medlemmene i kontrollutvalet med ein kort svarfrist for eventuelle innspel. På bakgrunn av innspela får leiar i kontrollutvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne kva tilskotsordningar forvaltningsrevisjonen skal omfatte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte, på bakgrunn av det som kom fram i diskusjonen, kjem med forslag til dei tilskotsordningane dei meiner bør gå inn som grunnlag i forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning i Vestland fylkeskommune.
2. Forslaget vert å sende sekretariatet seinast innan 12.04.2021.
3. Sekretariatet sender ut forslaget til medlemmane i kontrollutvalet med ein kort svarfrist for å komme med eventuelle innspel.
4. På bakgrunn av innspela frå dei andre i utvalet, får leiar i kontrollutvalet i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne kva tilskotsordningar forvaltningsrevisjonen skal omfatte.
5. Kontrolutvalet tek elles informasjonen til orientering.